



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116  
Stein Byrkjeland 5557 2114

Vår dato  
10.02.2014  
Dykkar dato  
17.01.2014

Vår referanse  
2012/16272 421.3  
Dykkar referanse  
14/67

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Uttale - Lindås - Gnr 188 Bnr 116 - Gjervik Ytre - Etablering av gangbru - Disp

Fylkesmannen viser til skriv frå Lindås kommune av 17.1.2014, der kommunen ber om uttale i samband med søknad om etablering av ei gangbru i Kvassnesstemma. Gangbrua skal byggjast for å hindre fiskemåsar å hekke på ein holme i vatnet. Skrik frå måsane i hekketida er over tid oppfatta som eit problem for folk i eit nærliggjande bustadfelt.

Vi forstår søknaden slik at planane no er lagde i samarbeid med Norsk Ornitologisk Foreining. Dersom dette er rett, og realisering av tiltaket finn stad i ei fornuftig rekkefølge, har ikkje Fylkesmannen innvendingar mot prosjektet no. Vi meiner at tiltaket bør gjennomførast etter ein slik tidsplan:

- (1) Planlagde biotopforbetrande tiltak vert gjennomført lenger nord i Kvassnesstemma. Dette omfattar oppbygging av etablerte småholmar i vatnet, samt etablering av hekkeplattformer i nærleiken av dette området.
- (2) Når tiltak (1) er gjennomført, kan gangbrua byggjast. Bygging av gangbru bør vere slutført før måsane tek til å hekke.

Hovudproblemet i dette området er at bustadfeltet er lagt for tett inntil eit våtmarksområde som er hekkeområde for fugl. Dette er det sjølsagt ikkje råd å gjere noko med no, men røynslene frå Kvassnesstemma må vere viktige å ta med seg når kommunen planlegg nye bustadområde inntil eksisterande våtmarker andre stader i kommunen. Slike våtmarker vil ofte utvikle eit tilnærma parkpreg, dermed vil gjerne måsar bli trekt mot området.

Det vil framleis hekke fiskemåsar i Kvassnesstemma, og desse vil framleis gje frå seg lydar i hekketida. Dei vil også forsvare ungane sine på måtar som kan bli oppfatta som aggressivt, slik som naturleg er for måsar. Kommunen sitt framlegg vil kunne gjere at det vert noko større avstand mellom dei hekkande måsane og delar av bustadfeltet, men lyden frå måsane vil nok bli merkbar også i framtida.

Fylkesmannen forventar at gangbrua vert fjerna i framtida dersom tiltaket ikkje gir den tiltenkte effekten.

Med helsing

Kari Elster Moen e.f.  
seniorrådgjevar

Grete Kathrine Jacobsen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*